



Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL)
Svein M. Nordvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1423 - 15/24283

Saksbehandlar:

Øystein Sørhaug

Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:

02.07.2015

Svar på søknad om tilskudd til næringskonferansen på Mongstad 09.09.2015

Administrativt vedtak. Saknr:

Dokument i saka:

Søknad frå Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL) v/ Svein Nordvik, datert 02.06.15.

Saksopplysningar/vurdering:

Nordhordland Handverk- og Industrilag har jobba fram Næringskonferansen på Mongstad over mange år. Den er no blant dei mest besøkte konferansane på Vestlandet i sitt slag, og gjennomførast kvart anna år. M.a. var det rundt 600 deltakerar i 2013. Konferansen vert gjennomført i Mongstadhallen.

Temaet for 2015-konferansen er «det grenseløse næringsliv: kommunestrukturen, sett frå næringslivet». Tematikken er spesielt relevant og aktuell for Lindås kommune.

I stor grad er konferansen finansiert av bedriftene i regionen. Det vert lagt ned ein betydelig andel egeninnsats frå NHIL og bedriftene sjølv som ein del av konferansearbeidet. NHIL ber om at kommunen vert med å finansiere ein liten del av konferansekostnadane (50.000kr av 325.000kr, totalt 15,4% finansieringsandel).

Vurdering:

Lindås kommune er sterkt oppteken av at det vert tilbydd gode møteplassar i kommunen vår, og i den samanheng er denne konferansen eit viktig bidrag.

Konferansen er også med på å understøtte mange av strategiane i gjeldande strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim (2011-2020), m.a. «ein synleg og tydeleg region», «ein attraktiv bu- og opplevingsregion» og «aktivt, positivt vertskap». Konferansen støttar også fleire tiltak i næringsplanen som handlar om «profilering, kommunikasjon, merkevarebygging og omdømme», «aktiv og synleg i nasjonale og internasjonale

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



nettverk» samt «allianse- og nettverksbygging i Bergensregionen» m.m. Konferansen får vanlegvis god tilfredsheit frå deltakerane, og vil definitivt bidra til eit godt omdømme av næringslivet i kommunen.

Næringsfondet i kommunen skal m.a. prioritere å gi støtte til kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Konferansen vil vere innanfor desse prioriteringane som er satt i fondet.

Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer. Lindås kommune ynskjer også ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Lindås kommune ynskjer også å bli profilert og synleg som støttespelar til konferansen, og legg til grunn at dette ynskjet vert innfridd.

Lindås kommune ynskjer lykke til!

Vedtak

Lindås kommune ved næringsfondet støttar NHIL med 50.000kr til gjennomføring av Næringskonferansen 2015.

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øystein Sørhaug
Jorunn K Fosse

Mottakarar:

Nordhordland Handverk- og
Industrilag (NHIL)